

Søknad

Søknadsnr.	2019-0261	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Søknad om støtte til Hovudprosjektet Havbruk			

Kort beskrivelse

Hovudprosjektet Havbruk har som langsiktige mål å danne synergjar mellom ulike næringsaktørar, og iverksette aktivitetar som skal føre til større verdiskaping og sysselsetting innan havbruksnæringa i Sogn og Fjordane. No er ein i gong med forprosjektet og søker med dette støtte til hovudprosjektet.

Prosjektbeskrivelse

Havbruk er ei viktig næring for framtida, med store moglegheiter. Havbrukssektoren består av mange kompetente aktørar allereie, likevel ser ein eit større behov for meir samarbeid og synergjar mellom ulike næringsaktørar, utdanning og forvaltning. På grunnlag av dette har Aksello og partnerar no iverksett eit forprosjekt for å starte Havbruksprosjektet. Dei langsiktige måla for dette prosjektet er å skape eit tyngdepunkt mellom Bergen og Ålesund for havbruk og danne synergjar mellom ulike næringsaktørar. Dette skal føre til auka verdiskaping og sysselsetting innan havbruksnæringa i Sogn og Fjordane.

Havbruksprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom ulike aktørar i havbruksnæringa og akademien, og er no i ein forprosjektfase. Forprosjektet er støtta av Flora kommune, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og næringa sjølv. (I planlegginga av forprosjektet har fylkeskommunen sitt bidrag vært viktig, i tillegg til dei nemnde. Sjå rapport frå Aksello datert 15.08.2019, ref. 18/2192). Representantar frå næringa er deltakande i prosjektgruppa, som består av: Marø Havbruk. Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Havlandet Marin Yngel, Cargill, Høgskulen på Vestlandet, Norwell, Pixelwerk og Aksello. Dette er solide aktørar med gjennomføringsvilje og gjennomføringsevne. Havbruksprosjektet baserer seg på at næringa tar stor del i prosjektet både gjennom eige arbeid og for vidare finansiering.

Prosjektet har eit klart fokus på å fremme samarbeid og utvikling for næringa. Allereie i forprosjektet tek ein sikte på å starte nokre aktivitetar som normalt sett ville låge i hovudprosjektet. Dette gjeld mellom anna utarbeiding av eit samfunnsreknenskap (eller liknande) for næringa lokalt. Denne vil legge ei grunnlinje for prosjektet, slik at ein kan måle framdrift og måloppnåing i hovudprosjektet, spesielt innan tal sysselsette. Analyser/reknenskapen vil bygge på tidlegare analyser, som til dømes fylkeskommunen si ringvirkingsanalyse og den nylig publiserte ringvirkingsanalyse til Blueplanet.

Innhaldet til hovudprosjektet er ikkje fastsett i detalj, men skal utgreiast i løpet av forprosjektet. Ei liste over moglege konkrete aktivitetar som ein ser som potensiale for hovudprosjektet finnes i forprosjektplanen (punkt 1.4). Vidare følger ei tilleggsliste nedanfor. Dette punkt som kan betraktast som moglege og gjennomføre samt at det er punkt som næringa sjølv ser som hensiktsmessig å iverksette. Gjennom forprosjektet vil nokre av disse punkta veljast for vidare satsing og for å nå dei effektmåla som er satt om større verdiskaping og sysselsetting innan havbrukssektoren i Sogn og Fjordane.

Betre samspel mellom næringsaktører, akademia (HVL o.a.) og forvaltning (fylkeskommunen. Kystrådet osv.)

- Etablere «Havbruksforum Sogn og Fjordane», for koordinering, påverking og innspel, etablering av arenaer og møteplassar, virtuell info-/møteplass
- Samlokalisering? Klyngeverksemd. «Laksens Hus»? Visningscenter.
- Etablere utviklingsarena for innovasjon.
- Sikre samarbeid innan FoU i havbrukssektoren, med mellom anna MMR og AkvaHub.
- Meir foredlingsvirksomhet
- Utvikling av nye arter og nye råvarekjelder
- Nye logistikk-løsningar. Fra vei til sjø. Direkte flyruter med lakseeksport?
- Nye/bedre utdanningar og studier, flere studenter
- Legge til rette for Internasjonalt samarbeid
- Tiltrekke nye kompetanseaktører, som konsulentmiljø.
- Fellesprosjekt for lukka flytande anlegg
- Verdiskapingsanalyse/samfunnsrekneskap

Med dette søker ein finansiering for hovudprosjektet, Havbruk, som vil være med på å utvikle havbruksnæringa i regionen. Ideelt sett ville det vore ynskjeleg å søke om finansiering etter avslutta forprosjektperiode, likevel, ser ein det som mogleg å søke no sidan forprosjektet er godt i gang, (vedlagt forprosjektplan blei vedtatt på prosjektgruppemøtet den 13.08.2019) og med tanke på fastsett søknadsfrist for å søke om tilskot.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Aksello AS Org.nr:987075155	Magnus thingnes gate 1 6906 FLORØ	95820063
Kontakt- person	Linn Theres Nekkøy	Magnus thingnes gate 1 6906 FLORØ	95820063
Prosjekt- leder	Linn Theres Nekkøy	magnus thingnes gate 1 6906 FLORØ	95820063

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Frå Siva: Til inkubator

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune: Til inkubator samt prosjekt

Frå Innovasjon Norge: Til drift av Innovativ klynge

Frå Flora kommune: Til kommunal førstelineteneste

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sjå forprosjektplan og søknad

Prosjekt mål

Sjå forprosjektplan og søknad

Forankring

Sjå forprosjektplan og søknad

Prosjektorganisering

Prosjekteigarar: Aksello

Prosjektansvarleg: Lone Bareksten, Aksello

Prosjektleder: Linn Therese Nekkøy, Aksello

Prosjektgruppe: Solveig Willis, Pixelwerk. Elin Tveit Sveen, Marø Havbruk. Halvar Hovland, Havlandet Marin Yngel. Tor- Erik Røynesdal, Cargill. Øyvind Østrem, HVL. Arne Olsen, Aksello. Frode Hovland, S & F Fylkeskommune. Ingrid Kassen, Norwell.

Samarbeidspartnere

Samarbeidspartnere pr no: Pixelwerk. Marø Havbruk, Havlandet Marin Yngel, Cargill. HVL. Aksello. S & F Fylkeskommune. Norwell.

I eit seinare stadium til hovudprosjektet ser vi for oss at det vil være samarbeid med andre og fleire næringslivaktørar, samt andre institusjonar og aktørar som f.eks Siva, forskingsrådet og Innovasjon Norge.

Aktivitetar

Sjå forprosjektplan og søknad

Målgrupper

Sjå forprosjektplan og søknad

Resultat

Sjå forprosjektplan og søknad

Effekter

Sjå forprosjektplan og søknad

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Milepælsplan for forprosjektet er med i vedlagt forprosjektplan. Tidsplan for forprosjekt er satt til 20.06.2019-31.12.19.

Milepælsplan for hovudprosjektet er ikkje vedlagt, men prosjektet er rekna å vare i tre år.

Frå 01.01.2020-01.01.2023

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eige arbeid deltakande bedrifter		650 000	650 000	700 000		2 000 000
innleigde konsulenttenester		500 000	500 000	500 000		1 500 000
Organisering av kurs, seminar og konferansar		100 000	100 000	100 000		300 000
prosjektleiing		1 150 000	1 150 000	1 200 000		3 500 000
Reiser, prosjektmøter, marknadsføring		150 000	100 000	150 000		400 000
Såkorbidrag til pilotprosjek		250 000	300 000	250 000		800 000
Sum kostnad		2 800 000	2 800 000	2 900 000		8 500 000

Det søkast om støtte til havbrukprosjektet sitt hovudprosjekt. Budsjettet for hovudprosjektperioden som er rekna å vare i 3 år. Budsjettet vil kunne bli noko justert utifrå innhaldet ein vert einige om i forprosjektsfasen, dermed er dette eit foreløpig budsjett.

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eige arbeid deltakande bedrifter		650 000	650 000	700 000		2 000 000
Flora Kommune		1 000 000	1 000 000	1 000 000		3 000 000
Marint verdiskapingsfond		150 000	150 000	200 000		500 000
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane		350 000	350 000	400 000		1 100 000
Tilskot frå næringslivet		400 000	400 000	400 000		1 200 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019		250 000	250 000	200 000		700 000
Sum finansiering		2 800 000	2 800 000	2 900 000		8 500 000

Fylkeskommunen sitt bidrag vil inngå som delfinansiering, med forbehold om interne røkeringer. Den 16.08.2019 vart det søkt om støtte frå Marint verdiskapingsfond på kr 900 000. Denne har vi ikkje fått svar på og vi veit at det er fleire søknader inne til behandling. I den forbindelse har vi derfor justert finansieringsplanen for denne søknaden til kr 500 000 frå Marint verdiskapingsfond og 700 000 kr frå tilskot til næring og samfunnsutvikling. I begge søkandane berekna vi totalt 1,2 millionar frå fylkekommunen.

Flora kommune har allereie signalisert positiv haldning til dei budsjetterte kr. 3,0 mill. Sparebankstiftinga har allereie gitt tilsegn om noko, og vi reknar med at dei vil auke dette seinare når hovudprosjektet er klart.

Geografi

1400-Sogn og Fjordane

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
190809 Forprosjektplan havbruk.docx	61 814	29.08.2019